SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

**Saksframlegg**

Saksbehandlar: Audun Erik Sunde, Næringsavdelinga
Sak nr.: 15/11973-1

## Val av styremedlemer til Botnaneset Industriselskap

Fylkesdirektøren for næring rår hovudutval for næring og kultur til å gjere følgjande vedtak:

Følgjande vert utnemnde til styremedlemer i Botnaneset Industriselskap AS:

Styremedlem:

Personleg varamedlem:

Styremedlem:

Personleg varamedlem:

## SAKSFRAMSTILLING

Fylkestinget har i delegerings- og innstillingsreglementet kap. 4.1 delegert til fylkesutvalet og hovudutvala å føreta val og oppnemningar, med mindre det er fastsett i lov eller forskrift at fylkestinget ikkje har høve til å delegere denne kompetansen. Det går fram av paragrafen at representantar til styre er delegert til det hovudutvalet som organet naturleg høyrer under. Botnaneset Industriselskap AS vert vurdert å høyre under hovudutval for næring og kultur.

Botnaneset Industriselskap AS har følgjande føremål:

> «Å legge til rette for næringslivet på sunt økonomisk grunnlag i regionen og spesielt bidra til å legge forholdene til rette for en videreutvikling av den olje- og gassrettede virksomheten i regionen, blant annet gjennom deltakelse i høringsrunder og politiske prosesser. Dessuten kan selskapet være med i andre selskap med lignende formål.»

Selskapet har to A- og 160 B-aksjar. Flora kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune har éin A-aksje kvar. Kvar A-aksje har 81 stemmer, mens kvar B-aksje har éi stemme. Fjord Base AS eig 150 B-aksjar, mens Sparebanken Sogn og Fjordane og Sparebanken Vest eig 5 B-aksjar kvar. Det ligg føre aksjonæravtale.

Selskapet vert leia av eit styre med inntil ni medlemer med personlege vararepresentantar. Av desse vert fire styremedlemer med personlege vararepresentantar peika ut av A-aksjonærane. Tre styremedlemer med personlege vararepresentantar vert peika ut av B-aksjonærane. I tillegg kan inntil to medlemer med næringspolitisk bakgrunn peikast ut i fellesskap A- og B-aksjonærane. Styret vert formelt valt av generalforsamlinga.

Styret i Botnaneset Industriselskap AS har slik samansetting i dag:

| Styremedlemer | Varamedlemer |
|---|---|
| • Kjartan Longva (styreleiar)<br>• Oddgeir Ragnar Igland (nestleiar)<br>• Karen Marie Hjelmeseter (repr. SFFK)<br>• Åshild Johanne Høvik Kjelsnes (repr.SFFK)<br>• Bente Frøyen Steindal<br>• Nils Sandal<br>• Odd Sigfred Husebø<br>• Per Arvid Nødset<br>• Per Ytrehus<br>• Bengt Solheim-Olsen | • Bjørn Erik Hollevik (vara for Kjelsnes)<br>• Nils Petter Støyva (vara for Hjelmeseter)<br>• Geir Konrad Johannessen<br>• Jim Haugland<br>• Roald Førde |